

## Høyring – vedtekter for kommunale barnehagar i Alver kommune.

Samarbeidsutvalet i Sæbø barnehage har hatt møte i høve høyring om vedtekter for kommunale barnehagar i Alver.

Vi ynskjer å stille spørsmål ved følgjande:

- Under punkt 4. Organisering, står det at kommunen følgjer barnehagelova si norm for bemanning. I praksis er det ikkje ressursar til å oppretthalde bemanningsnorm i heile opningstida i barnehagen. Ein opererer med kjernetid som er den tida alle i personalet er på jobb.  
Samarbeidsutvalet meiner det bør stå noko i vedtekten om korleis Alver kommune definerer bemanningsnorma og korleis det er organisert i dei kommunale barnehagane.
- Det er høgt sjukefråver i barnehagane, noko som kan påvirker om barnehagane klarer å halde lovpålagt bemanningsnorm. Spesielt dersom ein ikkje har ressursar til å ta inn vikarar. Fins det kommunale retningslinjer for bruk av vikarar ved sjukefråver som seier noko om dette?
- I punkt 5. vises det til lovtekst frå barnehagelova §12a. Sitata kan vera litt vanskeleg å forstå og samarbeidsutvalet oppmøder til å gjere teksten klarere slik at det vert enkelt å forstå rettighetene til barnehageplass. Dette gjeld spesielt definisjon av deltidsplass. Kva skjer etter eitt år? Kan man risikere å miste bhg.-plassen etter eitt år, eller går man da automatisk over til full plass i same barenehage?

Meiner også det er ein skrivefeil i lovteksten, ref samme paragraf som er vist til i punkt 7.:  
«Barn som fyller ett år innen utgangen av august det året....»

- I punkt 6. om opptaksprosessen står det «Barnehagen sin opptakskrets og opptakskriterie skal vere definert i den einskilde barnehage sine vedtekter.» Samarbeidsutvalet lurer på kva som meines her då vi ikkje er kjend med at dei kommunale barnehagane har eigne vedtekter utan om dokumentet som no er på høyring?  
Det er og eit ynskje at det i punkt 6. vert vist til eventuelle dokument som definerer dei ulike opptakskretsene.
- Når det gjeld oppseiing/endring av plass hadde det vore greitt om det var presisert kva som meines med endring av plass. Endring antall timer i same barnehage, endring av barnehage?
- Punkt 16. Helsekontroll av barn og personale.  
Kva rutiner fins for barn som ikkje oppfyller krava til helsekontroll?

For samarbeidsutvalet i Sæbø barnehage ved leiar Marit Kvamme.